

Budsjett 2015

Økonomiplan 2015-2018

Revidert budsjettgrunnlag 30. oktober 2014



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Innleiing

Fylkesrådmannen la fram Budsjettgrunnlaget 2015 og økonomiplan for perioden 2015 – 2018 den 7. oktober 2014.

Statsbudsjettet for 2015 vart lagt fram 8. oktober 2014. Fylkesrådmannen foreslår i dette notatet – Revidert budsjettgrunnlag – budsjettendringar som følgje av opplysningar i statsbudsjettet.

Statsbudsjettet 2015

I kommuneproposisjonen for 2015 vart det varsla ein realvekst i dei frie inntektene (skattar og rammeoverføringar) for fylkeskommunane på mellom ¼ og ½ milliard kr. I fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag vart det lagt til grunn ein samla realvekst for fylkeskommunane på 375 mill. kr – midt i intervallet nemnt i kommuneproposisjonen.

I forslaget til statsbudsjett er veksten i dei frie inntektene for fylkeskommunane sett til 500 mill. kr. Veksten er forklart slik i budsjettproposisjonen: 175 mill. kr i generell vekst, 200 mill. kr til opprusting av fylkesvegane og 125 mill. kr til kompensasjon for fylkeskommunar som taper meir enn kr 200 pr. innbyggjar på omlegginga av inntektssystemet.

Veksten i 2015 er rekna i høve til det inntektsnivået for frie inntekter i 2014 ein rekna med våren 2014 i Revidert nasjonalbudsjett. Veks-

ten på 500 mill. kr gjev ein prosentvis vekst på 4,1%. Med ein deflator (samanvegd løns- og prisvekst) på 3,0% i statsbudsjettet tilsvarar dette ein realvekst på 1,1% for fylkeskommunane samla.

Gjennomgang av endringane

Fylkesrådmannen går nedanfor gjennom endringane som er foreslått i høve til budsjettgrunnlaget frå 7. oktober innanfor dei ulike budsjettområda. Endringsforslaga er nedanfor samla under dei ulike avsnitta som ein finn att i budsjettgrunnlaget.

Driftsbudsjettet

Politiske organ, administrasjon og fellesfunksjonar

Lønsavsettjing

I budsjettgrunnlaget rekna fylkesrådmannen med ein lønsvekst på 3,5 % frå 2014 til 2015. I statsbudsjettet er det rekna med ein lønsvekst på 3,3 %. Lønsavsettjinga kan dermed reduserast med 5 mill. kr.

Tilleggløyvingar

Ved saldering av budsjettet er tilleggsløyvingskontoen auka med kr 679 000.

Opplæring

Skulebudsjett

I budsjettgrunnlaget nemnde fylkesrådmannen at budsjett for dei einskilde skulane og utdanningsprogramma ville verta lagt fram i revidert

budsjettgrunnlag. Nedanfor finn ein oppstilling med budsjett for kvar einskild vidaregåande skule.

Org.nr	Skule	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Elevtal Bud. 2014	Elevtal Bud. 2015
611	Os gymnas	kr 21 100 000	kr 22 109 000	264	267
612	Fana gymnas	kr 35 870 000	kr 31 732 000	467	396
614	Voss gymnas	kr 35 729 000	kr 36 382 000	376	375
615	Øystese gymnas	kr 20 579 000	kr 19 252 000	206	183
617	Tertnes vgs	kr 40 468 000	kr 37 622 000	469	448
619	U. Pihl vgs	kr 26 933 000	kr 27 698 000	300	293
620	Langhaugen vgs	kr 48 749 000	kr 50 659 000	593	599

Org.nr	Skule	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Elevtal Bud. 2014	Elevtal Bud. 2015
621	Bergen Katedralsk	kr 39 847 000	kr 41 279 000	517	523
623	Bømlo vgs	kr 29 539 000	kr 31 747 000	276	278
625	Osterøy vgs	kr 26 364 000	kr 26 810 000	204	195
626	Sandsli vgs	kr 48 286 000	kr 47 357 000	544	534
628	Odda vgs	kr 35 895 000	kr 35 042 000	318	302
630	Kvinnherad vgs	kr 45 938 000	kr 45 943 000	402	402
631	Rubbestadnes vgs	kr 23 117 000	kr 21 491 000	185	166
632	Voss vgs	kr 35 725 000	kr 36 022 000	250	238
633	Slåtthaug vgs	kr 52 767 000	kr 54 136 000	463	471
634	Knarvik vgs	kr 105 129 000	kr 110 008 000	958	1 010
635	Norheimsund vgs	kr 20 254 000	kr 18 929 000	153	132
636	Laksevåg vgs	kr 80 269 000	kr 78 636 000	735	693
637	Arna vgs	kr 16 522 000	kr 17 320 000	110	113
638	Åsane vgs	kr 52 579 000	kr 62 086 000	372	418
639	Årstad vgs	kr 111 751 000	kr 118 384 000	870	897
641	Austrheim vgs	kr 35 175 000	kr 34 243 000	264	267
642	Bergen Tekn fagsk	kr 8 401 000	kr 8 515 000	33	33
643	Askøy vgs	kr 57 101 000	kr 58 746 000	540	534
644	Fusa vgs	kr 35 252 000	kr 35 383 000	209	225
645	Sotra vgs	kr 95 549 000	kr 92 829 000	856	828
646	Os vgs	kr 48 641 000	kr 48 922 000	373	363
647	Fyllingsdalen vgs	kr 47 780 000	kr 48 097 000	537	496
648	Austevoll vgs	kr 23 063 000	kr 19 817 000	132	122
650	Voss Husflidsk	kr 13 012 000	kr 11 792 000	106	87
652	Fitjar vgs	kr 22 746 000	kr 27 730 000	195	242
653	Rogne vgs	kr 14 412 000	kr 18 172 000	78	88
655	Bergen mar vgs	kr 33 829 000	kr 34 582 000	295	281
656	Lønborg vgs	kr 16 688 000	kr 16 255 000	145	138
657	Hjeltnes vgs	kr 13 819 000	kr 12 459 000	41	31
658	Stend vgs	kr 66 481 000	kr 80 681 000	395	437
659	Voss jordbrsk	kr 33 291 000	kr 30 795 000	167	145
660	Etne vgs	kr 11 616 000	kr 12 749 000	76	80
661	Olsvikåsen vgs	kr 50 959 000	kr 52 450 000	487	501
663	Nordahl Grieg vgs	kr 82 078 000	kr 87 099 000	818	840
664	Garnes vgs	kr 22 238 000	kr 21 283 000	238	220
665	Stord vgs	kr 90 357 000	kr 92 925 000	823	824
667	Amalie Skram vgs	kr 43 200 000	kr 87 723 000		1 024
689	Hyssingen prod.sk	kr 7 000 000	kr 10 000 000		
	Nedlagte skular: BHG, Tanks vgs Bjørgvin vgs	kr 109 947 000		1 165	
	TOTALT	kr 1 929 045 000	kr 1 903 891 000	17 005	16 738

Tabellen viser at elevtalet er redusert med 267 elever frå skuleåret 2013/14 til 2014/15. Sjølv om dei samla skulebudsjetta går ned med 1,3% er likevel den budsjetterte gjennomsnittskostnaden pr elev tilnærma uendra frå 2014 til 2015.

Oversyn over utdanningsprogram

Kostrakonto	Utdanningsprogram vgs	Budsjettert netto forbruk pr utdprog		
			% av to- talt Bud 2014	% av to- talt Bud 2015
521	Studiespesialisering	kr 509 403 000	32,0 %	33,2 %
522	Bygg- og anleggsteknikk	kr 59 190 000	3,8 %	3,9 %
523	Elektrofag	kr 90 039 000	6,0 %	5,9 %
524	Design og handtverk	kr 29 997 000	2,1 %	2,0 %
525	Restaurant- og matfag	kr 29 127 000	1,8 %	1,9 %
526	Helse- og oppvekstfag	kr 123 000 000	8,3 %	8,0 %
527	Idrettsfag	kr 43 117 000	2,6 %	2,8 %
528	Teknikk- og industriell produksjon	kr 159 000 000	10,1 %	10,4 %
529	Musikk, Dans og Drama	kr 37 290 000	2,5 %	2,4 %
530	Media- og Kommunikasjon	kr 33 970 000	2,5 %	2,2 %
531	Naturbruk	kr 62 358 000	4,7 %	4,1 %
532	Service- og samferdsel	kr 39 400 000	2,8 %	2,6 %
560	Spesialundervisning	kr 317 979 000	20,8 %	20,7 %
		kr 1 533 870 000	100,0 %	100,0 %

I tabellen overfor har ein teke med kor stor prosentvis del kvart utdanningsprogram har. Studiespesialisering har litt større del i 2015 enn i 2014, men det er små utslag mellom utdanningsprogramma. Summane i tabellen gjeld det som går med til drift av utdanningsprogramma, medan budsjettala for skulane i tabellen overfor gjeld heile skuledrifta.

Regional utvikling

Regional utvikling og nyskaping

I 2014 fekk Hordaland fylkeskommune 60,732 mill. kr i statstilskot til regional utvikling. I budsjettgrunnlaget for 2015 er det lagt inn same summen.

I forslaget til statsbudsjett for 2015 er Hordaland fylkeskommune tildelt 56,784 mill. kr i statstilskot innanfor regionalt utviklingsprogram. Inntekts- og utgiftssida i budsjettet vert etter dette foreslått redusert med 3,948 mill. kr i revidert budsjettgrunnlag.

For det som gjeld budsjettposten for næringsretta utviklingstiltak (kompensasjonsmidlane) er det i statsbudsjettet sett av 360 mill. kr som er ein nedgang på 145 mill. kr samanlikna med 2014. Kor stor del av denne summen som vert fordelt til Hordaland vil ikkje vere avklart før 1. kvartal 2015 og fylkesrådmannen vil koma attende til dette når tildelinga er klar.

Samferdsel

Fylkesrådmannen har nedanfor teke med ein tabell over takstutvikling dei siste år. Tabellen viser utviklinga for einskildbilletter, periodekort og ungdomskort.

År	Einskildbillett	Periodekort	Ungdomskort
2003	23	660	380
2004	23	660	380
2005	23	660	350
2006	23	660	330
2007	23	600	330 (295 frå 01.08)
2008	23	600	295
2009	24	620	295
2010	25	640	295
2011	25	660	300

År	Einskildbillett	Periodekort	Ungdomskort
2012	27	660	300
2013	29	690	310
2014	31	690	310

I budsjettgrunnlaget frå 7. oktober framgår fylkesrådmannen sitt forslag til takstar frå 1. februar 2015. Tabellen ovanfor viser utviklinga i perioden frå 2003 fram til og med 2014.

Fylkesrådmannen sitt forslag om takst for ein-skildbillett på kr 35,- medfører ein vekst på 52% i perioden frå 2003.

Periodekortprisen er foreslått til kr 780,- frå 2015 og veksten for denne billettypen viser dermed vekst på 18% i same perioden. Tabellen viser at ungdomskortprisen er redusert – også samanlikna med forslaget om kr 350,- pr. 30 dg frå 2015.

Fylkesrådmannen kan i denne samanhengen visa til at veksten i konsumprisindeksen i perioden frå 2003 til og med 1. halvår 2014 er 24%. Lønsutviklinga i same periode har vore vel 62%.

Kultur

Kunst, kunstinstitusjonar

Festspillene i Bergen, Carte Blanche, Hordaland Teater og Bergen Nasjonale Opera vert finansierte frå fleire kjelder etter ein fast prosentdel.

Forlaget til statsbudsjett fører til at fylkeskommunen sine tilskot – samanlikna med bud-

sjettgrunnlaget – går litt opp for Carte Blanche og litt ned for dei andre institusjonane.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over forslag til fylkestilskot. Samla foreslår fylkesrådmannen å redusere tilskota med kr 19 000 i høve til budsjettgrunnlaget.

	Bud.grunnlag	Justert etter statsbudsjett	Endring
Festspillene i Bergen	4 558 000	4 530 000	-28 000
Carte Blanche	5 282 000	5 476 000	194 000
Hordaland Teater	4 948 000	4 929 000	-19 000
Bergen Nasjonale Opera	4 349 000	4 183 000	-166 000
SUM endring			-19 000

Hordaland teater

I samband med budsjettvedtaket for 2014 føresette fylkestinget at det vert løyvt 1 mill. kr i 2015 knytt til flytting av Hordaland teater frå Stend til Bergen sentrum. Det vert lagt fram eiga sak om denne prosessen.

Fylkesrådmannen fører opp 1 mill. kr i budsjettet for 2015 i samsvar med fylkestinget sitt vedtak

Statsraad Lehmkuhl

I statsbudsjettet 2015 er det sett av kr 7 864 000 i tilskot til Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkuhl.

Ved handsaming av statsbudsjettet for 2014 hadde kulturkomiteen i Stortinget følgjande merknad:

«SKVÆRRIGGERNE
Komiteen viser til Prop. 1 S (2013–2014) hvor det foreslås en økning på til sammen 3,0 mill. kroner til vedlikehold av

skværriggerne i 2014. Tilskuddet til vedlikehold av skværriggerne er fordelt likt på de tre skipene Statsraad Lehmkuhl, Christian Radich og Sørlandet. Komiteen legger til grunn at det etableres et nasjonalt/regionalt spleiselag hvor statens andel utgjør 70 pst. og regionenes andel utgjør 30 pst.»

Fylkeskommunen har fått opplyst at det frå staten si side frå 2015 vert lagt til grunn eit spleiselag som nemnt over og at statstilskotet for 2015 utgjør 70% av samla tilskot.

Fylkesrådmannen budsjetterer ut frå dette for 2015. Det vert vidare lagt til grunn at dei siste 30% vert delt likt mellom Bergen kommune og fylkeskommunen.

Med desse føresetnadene fører fylkesrådmannen for 2015 opp tilskot til Statsraad Lehmkuhl på kr 1 685 000. I budsjettgrunnlaget var det sett av kr 345 000 slik at auken utgjør kr 1 340 000.

Frie inntekter (Skattar og rammeoverføringer)

Veksten i frie inntekter for fylkeskommunane samla er i statsbudsjettet sett til 500 mill. kr.

Kommunal deflator (samanvegd løns- og prisvekst) som er nytta i statsbudsjettet for 2015 er på 3,0%. I fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag er deflatoren sett til 2,7%. Auka deflator medfører isolert sett påplussing i inntektene i høve til tidlegare utrekningar.

I rammeoverføringane er vidare innarbeidd midlar til oppfølging av tunnelforskrifta og midlar til å ta att vedlikehaldsetterslepet for fylkesvegane.

Samla sett medfører forslaget til statsbudsjett at dei frie inntektene for 2015 kan aukast med 49 mill. kr i høve til fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag. Dei frie inntektene vert dermed på 5 940 mill. kr. I denne summen inngår skatteinntekter på 2 993 mill. kr og rammeoverføringer på 2 947 mill. kr.

Endringar i inntektssystemet

Når det gjeld omlegginga av inntektssystemet, er det gjort nokre mindre justeringar, som slår positivt ut for Hordaland. Kriteriet «Innbyggjarar 6-34 år» har fått høgare vekt og kriteria «Innbyggjarar pr. km offentleg veg» og «Innbyggjarar busett spredt» har fått lågare vektor. For båtruter har ein oppdatert kriteriet med siste tilgjengelege rekneskapstal, slik at ein no

nyttar gjennomsnittleg kostnad for åra 2011-2013.

Det langsiktige tapet på endringane i kostnadsnøkkelen vert for Hordaland redusert frå ca. 122 mill. kr til 56 mill. kr. Det er lagt opp til ei 5-årig overgangsordning. Det årlege tapet for Hordaland går dermed ned frå ca. 24 mill. kr til 11 mill. kr. Situasjonen er betra så mykje at Hordaland ikkje får tapskompensasjon i 2015. Tapskompensasjon var i kommuneproposisjonen rekna til ca. 12 mill. kr for Hordaland.

Konklusjonen vert at Hordaland i 2015 kjem ut om lag slik det var varsla i kommuneproposisjonen. Men dei neste 4 åra vil reduksjonen bli ca. 13 mill. kr mindre kvart år enn ein har lagt til grunn i budsjettgrunnlaget.

Fylkesrådmannen sende den 21.08.2014 brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet med nokre kritiske merknader til dei nye kostnadsnøkane for buss/bane og båt/ferje.

Etter at statsbudsjettet vart lagt fram har ein kunna studere dei nye kostnadsnøkane meir i detalj. Utrekningar kjem fram i «Bereknings-teknisk dokumentasjon (Grønt hefte)».

Etter dette er det sendt eit nytt brev til departementet. Det synest som om det kan vere gjort ein feil ved utrekning av kriteriet for buss/bane. Folkerike fylkeskommunar som Hordaland, Rogaland og Sør-Trøndelag kjem dårlegare ut enn kva forholdstalet «Innbyggjarar per km offentleg veg» skulle tilseie.

Kriteriedata

Uavhengig av endringane i inntektssystemet, skjer det endringar i kriteriedata frå år til år. Endringar som gjev store utslag for Hordaland fylkeskommune er auke i talet på elevar i private skular og nedgang i andelen søkjarar til yrkesfag / høgkostnads utdanningsprogram.

Netto trekk for elevar i statlege / private skular går opp frå 81,6 mill. kr i 2014 til 100,5 mill. kr i 2015. Korrigert for prisstigning, aukar trekket med 16,5 mill. kr.

Når det gjeld søkjarar til yrkesfag / høgkostnads utdanningsprogram, har Hordaland lege godt over snittet, men er no på veg nedover. I 2014 var indeksen 1,1356 (dvs. 13,56% over landsgjennomsnittet). I 2015 er indeksen 1,1031. Denne endringa medfører ein reduksjon i rammetilskotet på vel 17 mill. kr.

Dette er dei viktigaste forklaringane på at Hordaland fylkeskommune får lågare vekst i dei frie inntektene enn landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg vekst for fylkeskommunane er rekna til 1,1 % medan veksten for Hordaland fylkeskommune er 0,5 %.

På den andre sida bør desse endringane reelt sett gje utslag i lågare utgiftsbehov på opplæringsbudsjettet.

Oppgåveendringar

I statsbudsjettet er det lagt inn midlar til fylkeskommunane til nye oppgåver. Viktigast for Hordaland er kompensasjon for meirutgifter knytt til iverksetjing av tunnelsikkerheitsforskrift. Til dette er Hordaland tildelt 39,3 mill. kr.

I 2014 vart det innført rett for elevar til påbygging til allmenn studiekompetanse etter fagbrev. I statsbudsjettet for 2015 er det lagt inn midlar til heilårseffekt av denne retten.

I Hordaland har elevar som har hatt ønske om påbygging etter fagbrev fått oppfylt dette ønsket også tidlegare. Ein forventar difor ikkje nemnande auke på kostnadssida etter at dette tilbodet er innført som ein rett.

Renter og avdrag

Rentekompensasjon

Rentekompensasjon for transporttiltak i fylka vart innført i 2010 med ei årleg låneramme på 2 mrd. kr. Hordaland sin del av ramma har vore 176 mill. kr årleg.

I statsbudsjettet vert låneramma foreslått auka frå 2 til 3 mrd. kr. Hordaland sin del vert 248,4 mill. kr. I budsjettproposisjonen frå Samferdsdepartementet vert samla rentekompensasjon for 2015 anslått til 221,5 mill. kr, av dette 19,38 mill. kr til Hordaland. Desse summene tilseier at det er rekna med ein rentesats på 1,93 %.

I budsjettgrunnlaget har fylkesrådmannen rekna rentekompensasjon med ei rente på 2,25 %, som gjev 21,65 mill. kr.

Fram til 2014 har rentekompensasjon vorte rekna ut etter Husbanken si flytande rente. Gjennomsnittleg husbankrente for 2014 vil vere ca. 2,3 %. I november-desember er rentesatsen komen ned til 2,18 %.

Regjeringa har i 2015 auka låneramma, men reknar med noko lågare rentesats. I høve til budsjettgrunnlaget av 7. oktober utgjer dette

ein reduksjon i rentekompensasjon på 2,264 mill. kr.

I budsjettproposisjonen frå Kunnskapsdepartementet er det sagt følgjande om rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg:

«For nye tilsegn som gis frå og med 2015 legg departementet til grunn eit påslag på 0,5 prosentpoeng på gjennomsnittet av observert marknadsrente over to månader på statspapir (statskassevekslar) med gjenstående løpetid frå null til tre månadar.»

Dette inneber at rentekompensasjonen for nye lån vert sett 0,5 % lågare enn husbankrenta. I budsjettgrunnlaget er det ikkje rekna med rentekompensasjon frå nye lån til skulebygg i 2015.

Renteutgifter

I oktober har ein registrert fall i lange renter. Det er også mange som trur at Norges Bank kan kome til å setje ned styringsrenta, m.a. som følgje av lågare oljeprisar.

Ut frå dette meiner fylkesrådmannen ein kan redusere budsjetterte renteutgifter med tilsvarende beløp som ein taper i rentekompensasjon. Ein reduserer altså både inntekts- og utgiftssida med 2,3 mill. kr, men netto utgifter blir uendra i høve til budsjettgrunnlaget.

Avsetjing til disposisjonsfond

Fylkesrådmannen har saldert budsjettet ved å setja av 11 mill. kr på disposisjonsfond.

Økonomiplanperioden

Som nemnt framfor, taper Hordaland fylkeskommune på omlegginga av inntektssystemet. På lang sikt kjem ein likevel noko betre ut av endringa enn det som var varsla i kommune-proposisjonen.

I budsjettgrunnlaget var det lagt til grunn ein årleg vekst i frie inntekter for fylkeskommunane på 0,7 %. Dette ville gje Hordaland ein vekst på i overkant av 0,2 %. Etter justeringane som er gjort i statsbudsjettet, vil veksten for Hordaland nærme seg 0,5 %.

I budsjettgrunnlaget var det lagt opp til ei gradvis nedtrapping av overføring av driftsmidlar til investeringar. Noko betre utsikter for utviklinga i frie inntekter gjer det mogleg å halde overføring av driftsmidlar på om lag 100 mill. kr i heile perioden. Netto driftsresultat vil då liggje på ca. 1,4 %.

Investeringsbudsjettet

Samferdsel

Fylkesvegar

Forskrift om tunneltryggleik

Regjeringa varslar i statsbudsjettet at fylkeskommunane får meirutgifter som følgje av at «Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse veitunneler for fylkesvei og kommunal vei i Oslo» vert sett i verk.

For 2015 er det i statsbudsjettet sett av kompensasjon på 272 mill. kr til desse meirutgiftene. Planen er at krava i forskrifta skal vera oppfylte innan utgangen av 2019. Summen på 272 mill. kr er kome fram ved å sjå på samla lengde tunnelløp i aktuelle fylke som krev tryggleikstiltak i samsvar med forskrifta

Hordland fylkeskommune har fått kr 39 259 000 kr til å gjennomføra tryggingstiltak i 2015.

Fylkesrådmannen har følgd opp dette og auka investeringsbudsjettet for fylkesvegane med 40 mill. kr. Posten Standardheving er auka frå 86 mill. kr til 126 mill. kr i 2015.

Opprusting og fornying av fylkesvegnettet

I Nasjonal Transportplan 2014-2023 er det varsla 10 milliardar kroner til opprusting og fornying av fylkesvegnettet. I statsbudsjettet for 2014 vart det løyvd 780 mill. kr til fylkeskommunane.

I statsbudsjettet for 2015 er 200 mill. kr av veksten i dei frie inntektene til fylkeskommunane knytt til denne satsinga. Totalløyvinga er dermed oppe i 1 mrd. 2015-kr. Midlane vert fordelt på grunnlag av kartlegging av forfallet på fylkesvegnettet. For 2015 har Hordaland fylkeskommune fått kr 117 598 000 til dette som del av dei frie inntektene.

Fylkesrådmannen foreslår som nemnt å løyva 40 mill. kr til tunneltryggleikstiltak.

I budsjettgrunnlaget frå oktober var det innafor løyvinga på 86 mill. kr til standardheving sett av knapt 30 mill. kr til tunneltryggingstiltak. Denne summen kan no frigjerast til andre tiltak. På denne måten meiner fylkesrådmannen arbeidet med å ta att vedlikehaldsetterslepet er betra, sjølv om totaløkonomien gjer at ein ikkje kjem så langt som ønskjeleg i denne omgangen.

Oppsummering

Tabellen til slutt i dette notatet viser endringane fylkesrådmannen foreslår i Revidert budsjettgrunnlag.

Forslaget er saldert ved å setja av ein sum på 11 mill. kr på disposisjonsfond.

Oversyn over endringar i revidert budsjettgrunnlag 2015

Driftsbudsjettet

kr 1 000

	Utgifter	Inntekter	Netto
Lønsavsetjing	-5 000		-5 000
Tilleggs løyvingsskonto fylkesutvalet	679		679
Regionalt utviklingsprogram	-3 948	-3 948	0
Hordaland teater	1 000		1 000
Andre kunstinstitusjonar	-19		-19
Statsraad Lehmkuhl	1 340		1 340
Skatt		45 000	-45 000
Rammetilskot		4 000	-4 000
Renter / kompensasjon	-2 300	-2 300	0
Overføring til investeringsbudsjettet	40 000		40 000
Avsetjing til disposisjonsfond (udisponert)	11 000		11 000
SUM	42 752	42 752	0

Vedlegg

BUDSJETTSKJEMA 1 - DRIFTSBUDSJETTET

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Skatt på inntekt	-2 771 770	-2 872 900	-2 993 000
Ordinært rammetilskot	-2 686 116	-2 837 350	-2 947 000
Andre generelle statstilskot			
SUM FRIE DISPONIBLE INNTEKTER	-5 457 886	-5 710 250	-5 940 000
Renteinntekter og utbytte	-47 878	-29 900	-28 200
Renteutgifter og andre finansutgifter	203 942	234 000	240 400
Avdrag på lån	279 000	302 900	330 000
NETTO FINANSINNT./-UTG.	435 064	507 000	542 200
Dekn. tidlegare års reknesk. meirforbruk			
Til ubundne avsetjingar	118 933	12 211	11 000
Til bundne avsetjingar	80 952	463	
Bruk av tidlegare års reknesk. mindreforbruk	-71 432		
Bruk av ubundne avsetjingar	-43 784		
Bruk av bundne avsetjingar	-74 190	-5 136	
NETTO AVSETJINGAR	10 479	7 538	11 000
Overført til investeringsbudsjettet	385 750	61 900	102 000
TIL FORDELING DRIFT	-4 626 593	-5 133 812	-5 284 800
Sum fordelt til drift	4 496 331	5 133 812	5 284 800
Meirforbruk/mindreforbruk	-130 262	0	0
Fordelt slik:			
Politiske organ og administrasjon	Utgift 355 419	289 919	297 454
	Inntekt -42 194	-13 143	-13 758
Fellesfunksjonar	Utgift 230 423	169 437	261 116
	Inntekt -185 860	-55 550	-44 066
Opplæring	Utgift 3 011 912	3 071 242	2 860 062
	Inntekt -528 741	-380 017	-177 389
Tannhelse	Utgift 305 442	269 914	282 676
	Inntekt -107 568	-88 517	-108 044
Regional utvikling	Utgift 229 387	267 562	213 234
	Inntekt -340 092	-179 028	-130 505
Fylkeskommunal næringsverksemd	Utgift	50 000	50 000
	Inntekt	-144 450	-138 300
Samferdsel	Utgift 2 566 323	2 716 770	2 846 533
	Inntekt -1 149 631	-1 003 932	-1 078 196
Kultur og idrett	Utgift 324 476	301 972	313 280
	Inntekt -172 965	-138 367	-149 297
SUM DRIFT	Utgift 7 023 382	7 136 816	7 124 355
	Inntekt -2 527 051	-2 003 004	-1 839 555
	Netto 4 496 331	5 133 812	5 284 800

BUDSJETTSKJEMA 2 - INVESTERINGSBUDSJETTET

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Investeringar i anleggsmidler	3 095 491	4 358 990	3 979 100
Utlån og forskotteringar	56 403	20 000	
Avdrag på lån	17 000		
Avsetjingar	29 327	5 000	5 000
ÅRETS FINANSIERINGSBEHOV	3 198 221	4 383 990	3 984 100
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	-1 010 291	-1 295 600	-1 302 700
Inntekter frå sal av anleggsmidler	-634 821	-5 000	-5 000
Tilskot til investeringar	-756 793	-2 946 490	-2 549 400
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-19 213		
Andre inntekter	-328 256		
SUM EKSTERN FINANSIERING	-2 749 374	-4 247 090	-3 857 100
Overført frå driftsbudsjettet	-385 750	-61 900	-102 000
Bruk av avsetjingar	-63 096	-75 000	-25 000
SUM FINANSIERING	-3 198 220	-4 383 990	-3 984 100
Udekket/udisponert	1	0	0
Spesifikasjon av investeringar i anleggsmidler:			
Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	62 747	40 000	44 000
Opplæring	442 982	590 000	676 000
Tannhelse	28 121	30 000	25 000
Regional utvikling	-	1 000	1 000
Samferdsel	2 545 398	3 694 990	3 230 100
Kultur	1 550	3 000	3 000
Aktivitetar utanfor fylkeskomm. ansvarsområde	14 693		
SUM INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR	3 095 491	4 358 990	3 979 100

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT

	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Brukarbetalingar	-98 500	-107 612
Andre sals- og leigeinntekter	-1 066 061	-1 069 282
Overføringar med krav til motyting	-446 355	-344 091
Rammetilskot	-2 837 350	-2 947 000
Andre statlege overføringar	-323 382	-281 682
Andre overføringar	-19 541	-19 800
Inntekts- og formuesskatt	-2 872 900	-2 993 000
Eigedomsskatt		
Andre direkte og indirekte skattar		
SUM DRIFTSINNEKTER	-7 664 089	-7 762 467
Lønsutgifter	2 262 832	2 888 680
Sosiale utgifter	586 196	205 113
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteprod.	1 319 650	1 141 842
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod.	2 089 697	2 118 721
Overføringar	846 533	759 999
Avskrivningar		
Fordelte utgifter	-17 257	-7 088
SUM DRIFTSUTGIFTER	7 087 651	7 107 267
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-576 438	-655 200
Renteinntekter og utbytte	-29 900	-28 200
Mottekne avdrag på utlån		
SUM EKSTERNE FINANSINNEKTER	-29 900	-28 200
Renteutgifter og låneomkostningar	234 000	240 400
Avdrag på lån	302 900	330 000
Utlån		
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	536 900	570 400
RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	507 000	542 200
Motpost avskrivningar		
NETTO DRIFTSRESULTAT	-69 438	-113 000
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbr.		
Bruk av disposisjonsfond		
Bruk av bundne fond	-5 136	
Bruk av likviditetsreserve		
SUM BRUK AV AVSETJINGAR	-5 136	0
Overført til investeringsbudsjettet	61 900	102 000
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbr.		
Avsett til disposisjonsfond	12 211	11 000
Avsett til bundne fond	463	
Avsett til likviditetsreserven		
SUM AVSETJINGAR	74 574	113 000
REKNEKAPSMESSIG MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK	0	0

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING

	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-5 000	-5 000
Andre salsinntekter	-1 995 300	
Overføringer med krav til motyting	-488 390	-2 258 500
Statlege overføringer	-299 400	-219 100
Andre overføringer	-163 400	-71 800
Renteinntekter og utbytte		
SUM INNTEKTER	-2 951 490	-2 554 400
Lønsutgifter		
Sosiale utgifter		
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod.	4 308 990	3 935 100
Kjøp av tenester som erstattar komm. tenesteprod.		
Overføringer	50 000	44 000
Renteutgifter og omkostningar		
Fordelte utgifter		
SUM UTGIFTER	4 358 990	3 979 100
Avdrag på lån		
Utlån	20 000	
Kjøp av aksjar og andelar		
Avsett til ubundne investeringsfond	5 000	5 000
Avsett til bundne fond		
Avsett til likviditetsreserven		
SUM FINANSIERINGSTRANS.	25 000	5 000
FINANSIERINGSBEHOV	1 432 500	1 429 700
Bruk av lån	-1 295 600	-1 302 700
Sal av aksjar og andelar		
Motteke avdrag på utlån		
Overført frå driftsbudsjettet	-61 900	-102 000
Bruk av disposisjonsfond		
Bruk av ubundne investeringsfond	-75 000	-25 000
Bruk av bundne fond		
Bruk av likviditetsreserve		
SUM FINANSIERING	-1 432 500	-1 429 700
UDEKKA/UDISPONERT	0	0

BUDSJETTSKJEMA 1 - DRIFTSBUDSJETTET

	Budsjett 2015	Økonomiplan 2016	2017	2018	
Skatt på inntekt	-2 993 000	-3 034 000	-3 075 000	-3 116 000	
Ordinært rammetilskot	-2 947 000	-2 935 000	-2 923 000	-2 911 000	
Skatt på eigedom					
Andre direkte eller indirekte skattar					
Andre generelle statstilskot					
SUM FRIE DISPONIBLE INNTEKTER	-5 940 000	-5 969 000	-5 998 000	-6 027 000	
Renteinntekter og utbytte	-28 200	-29 709	-31 011	-32 305	
Renteutgifter og andre finansutgifter	240 400	265 340	288 529	308 860	
Avdrag på lån	330 000	359 223	395 890	420 965	
NETTO FINANSINNT./-UTG.	542 200	594 854	653 408	697 520	
Dekn. tidlegare års reknesk. meirforbruk					
Til ubundne avsetjingar	11 000	17 069	10 696	18 520	
Til bundne avsetjingar					
Bruk av tidlegare års reknesk. mindreforbruk					
Bruk av ubundne avsetjingar					
Bruk av bundne avsetjingar					
NETTO AVSETJINGAR	11 000	17 069	10 696	18 520	
Overført til investeringsbudsjettet	102 000	99 029	96 145	93 344	
TIL FORDELING DRIFT	-5 284 800	-5 258 048	-5 237 751	-5 217 616	
Sum fordelt til drift	5 284 800	5 258 048	5 237 751	5 217 616	
Meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0	
Fordelt slik:					
Politiske organ og administrasjon	Utgift	297 454	292 454	292 454	292 454
	Inntekt	-13 758	-13 758	-13 758	-13 758
Fellesfunksjonar	Utgift	261 116	251 116	246 115	241 118
	Inntekt	-44 066	-51 818	-57 114	-62 252
Opplæring	Utgift	2 860 062	2 840 062	2 830 062	2 820 062
	Inntekt	-177 389	-177 389	-177 389	-177 389
Tannhelse	Utgift	282 676	277 676	277 676	277 676
	Inntekt	-108 044	-108 044	-108 044	-108 044
Regional utvikling	Utgift	213 234	211 234	211 234	211 234
	Inntekt	-130 505	-130 505	-130 505	-130 505
Fylkeskommunal forretningsdrift	Utgift	50 000	50 000	50 000	50 000
	Inntekt	-138 300	-133 300	-133 300	-133 300
Samferdsel	Utgift	2 846 533	2 866 533	2 866 533	2 866 533
	Inntekt	-1 078 196	-1 078 196	-1 078 196	-1 078 196
Kultur	Utgift	313 280	311 280	311 280	311 280
	Inntekt	-149 297	-149 297	-149 297	-149 297
SUM DRIFT	Utgift	7 124 355	7 100 355	7 085 354	7 070 357
	Inntekt	-1 839 555	-1 842 307	-1 847 603	-1 852 741
	Netto	5 284 800	5 258 048	5 237 751	5 217 616

OVERSYN ØKONOMIPLAN INVESTERING

	Budsjett 2015	Økonomiplan 2016	2017	2018
Investeringar i anleggsmidlar	3 979 100	2 962 500	2 361 200	1 579 300
Utlån og forskotteringar				
Avdrag på lån				
Avsetjingar	5 000	5 000	5 000	5 000
ÅRETS FINANSIERINGSBEHOV	3 984 100	2 967 500	2 366 200	1 584 300
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	-1 302 700	-1 448 800	-1 159 400	-938 600
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Tilskot til investeringar	-2 549 400	-1 386 700	-1 074 800	-513 700
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar				
Andre inntekter				
SUM EKSTERN FINANSIERING	-3 857 100	-2 840 500	-2 239 200	-1 457 300
Overført frå driftsbudsjettet	-102 000	-102 000	-102 000	-102 000
Bruk av avsetjingar	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
SUM FINANSIERING	-3 984 100	-2 967 500	-2 366 200	-1 584 300
Udekket/udisponert	0	0	0	0
Spesifikasjon av investeringar i anleggsmidlar:				
Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	44 000	28 000	28 000	28 000
Opplæring	676 000	820 000	682 000	435 000
Tannhelse	25 000	25 000	20 000	20 000
Regional utvikling	1 000	1 000	1 000	1 000
Samferdsel	3 230 100	2 085 500	1 627 200	1 092 300
Kultur	3 000	3 000	3 000	3 000
SUM INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR	3 979 100	2 962 500	2 361 200	1 579 300

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT

	Budsjett 2015	Økonomiplan 2016	2017	2018
Brukarbetalingar	-107 612	-107 612	-107 612	-107 612
Andre sals- og leigeinntekter	-1 069 282	-1 064 282	-1 064 282	-1 064 282
Overføringar med krav til motyting	-344 091	-344 091	-344 091	-344 091
Rammetilskot	-2 947 000	-2 935 000	-2 923 000	-2 911 000
Andre statlege overføringar	-281 682	-289 434	-294 730	-299 868
Andre overføringar	-19 800	-19 800	-19 800	-19 800
Inntekts- og formuesskatt	-2 993 000	-3 034 000	-3 075 000	-3 116 000
Eigedomsskatt				
Andre direkte og indirekte skattar				
SUM DRIFTSINTEKTER	-7 762 467	-7 794 219	-7 828 515	-7 862 653
Lønsutgifter	2 888 680	2 863 680	2 853 680	2 843 680
Sosiale utgifter	205 113	205 113	205 113	205 113
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteprod.	1 141 842	1 126 842	1 121 842	1 116 842
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod.	2 118 721	2 138 721	2 138 721	2 138 721
Overføringar	759 999	755 999	755 998	756 001
Avskrivningar				
Fordelte utgifter	-7 088	-7 088	-7 088	-7 088
SUM DRIFTSUTGIFTER	7 107 267	7 083 267	7 068 266	7 053 269
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-655 200	-710 952	-760 249	-809 384
Renteinntekter og utbytte	-28 200	-29 709	-31 011	-32 305
Mottekne avdrag på utlån				
SUM EKSTERNE FINANSINTEKTER	-28 200	-29 709	-31 011	-32 305
Renteutgifter og låneomkostningar	240 400	265 340	288 529	308 860
Avdrag på lån	330 000	359 223	395 890	420 965
Utlån				
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	570 400	624 563	684 419	729 825
RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	542 200	594 854	653 408	697 520
Motpost avskrivningar				
NETTO DRIFTSRESULTAT	-113 000	-116 098	-106 841	-111 864
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbr.				
Bruk av disposisjonsfond				
Bruk av bundne fond				
Bruk av likviditetsreserve				
SUM BRUK AV AVSETJINGAR	0	0	0	0
Overført til investeringsbudsjettet	102 000	99 029	96 145	93 344
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbr.				
Avsett til disposisjonsfond	11 000	17 069	10 696	18 520
Avsett til bundne fond				
Avsett til likviditetsreserven				
SUM AVSETJINGAR	113 000	116 098	106 841	111 864
REKNESKAPSMESSIG MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK	0	0	0	0

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING

	Budsjett 2015	Økonomiplan 2016	2017	2018
Sal av driftsmidler og fast eigedom	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Andre salsinntekter				
Overføringer med krav til motyting	-2 258 500	-1 259 000	-1 064 100	-507 300
Statlege overføringer	-219 100	-124 700	-7 700	-3 400
Andre overføringer	-71 800	-3 000	-3 000	-3 000
Renteinntekter og utbytte				
SUM INNTEKTER	-2 554 400	-1 391 700	-1 079 800	-518 700
Lønsutgifter				
Sosiale utgifter				
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod.	3 935 100	2 887 500	2 271 200	1 503 300
Kjøp av tenester som erstattar komm. tenesteprod.				
Overføringer	44 000	75 000	90 000	76 000
Renteutgifter og omkostningar				
Fordelte utgifter				
SUM UTGIFTER	3 979 100	2 962 500	2 361 200	1 579 300
Avdrag på lån				
Utlån				
Kjøp av aksjar og andelar				
Avsett til ubundne investeringsfond	5 000	5 000	5 000	5 000
Avsett til bundne fond				
Avsett til likviditetsreserven				
SUM FINANSIERINGSTRANS.	5 000	5 000	5 000	5 000
FINANSIERINGSBEHOV	1 429 700	1 575 800	1 286 400	1 065 600
Bruk av lån	-1 302 700	-1 448 800	-1 159 400	-938 600
Sal av aksjar og andelar				
Motteke avdrag på utlån				
Overført frå driftsbudsjettet	-102 000	-102 000	-102 000	-102 000
Bruk av disposisjonsfond				
Bruk av ubundne investeringsfond	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Bruk av bundne fond				
Bruk av likviditetsreserve				
SUM FINANSIERING	-1 429 700	-1 575 800	-1 286 400	-1 065 600
UDEKKA/UDISPONERT	0	0	0	0

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

30. oktober 2014, Økonomiavdelinga